



Arkivnr: 2014/24383-2

Saksbehandlar: Ruth Ørnholst, Elin Golten

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		22.01.2015

#### Fordeling av e-bøker frå Norsk Kulturråd

##### Samandrag

Norsk kulturråd har med verknad frå 1.januar 2015 vedtatt nye retningsliner for innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne og for barn og unge. E-bøker er innlemma i ordninga, og Kulturrådet har fordelt 70 lisensar på e-bøker på fylkesnivå.

Hordaland fylke får 5 e-boklisensar, som skal fordelast på dei to løysingane for e-lån i folkebiblioteka i fylket. Kommunane i Hordaland (utanom Bergen) har ei felles teknisk utlånsløysing og samling for e-bøker, medan Bergen etter eige ønskje, har ei anna utlånsløysing og ei eiga samling. Det er opp til fylkeskommunen å avgjere kor mange lisensar Bergen offentlige bibliotek skal få til sitt utlån av e-bøker, og kor mange lisensar dei andre folkebiblioteka i fylket skal få til si konsortium-løysing for utlån av e-bøker.

Følgjande moment er teke omsyn til i vurderinga; innbyggjartal, samordning av e-boktenester i fylket, forvaltning/ innkjøp og lik tilgang på tenester.

##### Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune er tildelt 5 lisensar på e-bøker frå Norsk Kulturråd som skal vidarefordelast på dei to løysingane for utlån av e-bøker i folkebiblioteka i fylket. Hordland fylkeskommune fordeler lisensane slik at Bergen kommune får 2 lisensar, og konsortiet for dei 32 andre kommunane i fylket får 3 lisensar.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.01.2015**

## Bakgrunn

Fylkesutvalet vedtok i april 2013 at fylkeskommunen bør ta på seg ei utviklar- og koordineringsrolle for å sikra innbyggjarane i Hordaland tilgang til e-bøker i biblioteka, uavhengig av kommunestorleik og ressurstilgang.

Innanfor gjeldande budsjetttrammer på fylkesbiblioteket blei folkebiblioteka i fylket (utanom Bergen) og biblioteka i dei vidaregåande skulane organisert i eit konsortium med felles teknisk løysing og felles samling av e-bøker. Fylkeskommunen har kjøpt og installert eit system som kontrollerer utlån og innlevering av e-bøker til folkebiblioteka og dei vidaregåande skulane. Systemet «BS Weblån» tilfredsstiller dei krava forleggjarane har til tryggleik kring utlån av elektroniske filer.

Alle som har lånekort ved eit av biblioteka som er med i ordninga, har sidan 21.januar 2014 hatt tilgang til e-bøkene i den felles samlinga for fylket. Ved utgangen av 2014 har *E-lån Hordaland* 3803 e-boklisensar fordelt på 835 titlar, og 169 e-lydbøker fordelt på 56 titlar. Det er lånt ut 7337 e-bøker/e-lydbøker sidan ordninga vart lansert i slutten av januar.

Bergen. Off. Bibliotek starta med utlån av e-bøker 15. mars 2013 med den tekniske løysinga «eBokBib». Ved utgangen av året hadde biblioteket 1518 e-boklisensar fordelt på 506 titlar. Samlinga er motteke gjennom ei prøveordning med e-bøker frå Norsk kulturråd. Biblioteket har ikkje kjøpt e-bøker utover dette. Biblioteket har fått 3 lisensar av kvar tittel. Det er lånt ut 9418 e-bøker i ordninga i heile 2014 (7,6 % av desse låna er prøvelån som vart levert tilbake innan ein halv time.)

## Nye retningsliner fra Norsk kulturråd

Norsk kulturråd vedtok i møte 10.12.2014 nye retningsliner for innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur (for vaksne og for barn og unge), gjeldande frå 1.januar 2015. E-bøker vil på permanent basis bli innlemma i denne ordninga.

Føremålet med den nye innkjøpsordninga er at det blir skreve, utgitt, spreidd og lest ny norsk skjønnlitteratur. Det er eit auka behov for formidling av den litterære bredda som finst i innkjøpsordningane. Kulturrådet understreker difor at det er biblioteka si evne til å formidle den litterære bredda til sine lesarar som gjer dei til naturlege hovudmottakarar av kulturfondbøkene.

Alle fylkesbiblioteka har i brev dagsett 11.12.2014, fått tilbod om å få e-bøker gjennom innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur i 2015. Totalt vil talet på e-boklisensar for kvar boktittel vere 70, og desse er fordelt på fylka med omsyn til innbyggjartal. Fylke med innbyggjartal under 200.000 får 3 lisensar, fylke med innbyggjartal mellom 200.000 og 300.000 får 4 lisensar, medan fylke med innbyggjartal over 300.000 får 5 lisensar.

Hordaland får 5 e-boklisensar, som skal fordelast på dei to løysingane for utlån av e-bøker i fylket. Det er opp til fylkeskommunen å avgjere kor mange lisensar Bergen offentlige bibliotek skal få til sitt utlån av e-bøker, og kor mange lisensar dei andre folkebiblioteka i fylket skal få til si konsortium-løysing for utlån av e-bøker. Skulebiblioteka i vgs. er med i konsortiet, men blir ikkje tildelt kulturfondbøker, og er der derfor ikkje tatt omsyn til i denne samanhengen.

## Moment i vurderinga

### *Innbyggjartal*

Totalt innbyggjartal i Hordaland i 2014 er 505.246. Av desse er 271.949 innbyggjarar i Bergen, og 233.297 innbyggjarar i dei andre 32 kommunane i fylket. Det er med andre ord 38.652 fleire innbyggjarar i Bergen kommune enn i resten av Hordaland til saman.

Dersom ein tek omsyn til Kulturrådet sin fordelingsnøkkelen etter innbyggjartal, ville Hordaland utan Bergen bli tildelt 4 kulturfondsett av e-bøker. Dersom Bergen stod alleine, ville også dei etter innbyggjartal blitt tildelt 4 sett. Når ein no skal fordele 5 sett på alle, er det vanskeleg å ta omsyn til innbyggjartal, då begge

utlånsløysingane for e-bøker i Hordaland er knytt til eit tal på innbyggjarar som høyrer til same gruppe for tildeling av lisensar etter Kulturrådet si fordeling.

#### *Samordning av e-boktenester i fylket*

Bergen kommune blei invitert med i det felles konsortiet for e-bøker i Hordaland, men valde ei anna løysing. Med dette valde dei å ikkje bidra til ei felles samling og ikkje delta i ei felles løysing for e-bøker for biblioteka i fylket. Samstundes har dei valt å avstå frå økonomiske hjelp frå fylkeskommunen når det gjeld e-bøker. Utlånsløysinga for e-bøker ved Bergen offentlige bibliotek, er berre meint for innbyggjarane i Bergen, medan utlånsløysinga til konsortiet av folkebibliotek når ut til innbyggjarane i 32 av 33 kommunar i fylket.

#### *Forvaltning/ Innkjøp*

Bergen kommune har dei siste åra motteke 3 sett med e-bøker gjennom innkjøpsordninga, som del av eit prøveprosjekt i regi av Norsk Kulturråd. Bergen kommune kjøper ikkje e-bøker ut over kulturfondbøkene dei mottar frå Kulturrådet. Konsortiet for dei andre biblioteka i fylket, har ikkje motteke kulturfondsett, men har bygd opp ei felles samling av e-bøker og e-lydbøker med midlar frå fylkeskommunen. Samlinga for konsortiet for dei 32 kommunane utanom Bergen har ei større bredde, og består i dag av 385 fleire titlar med e-media enn samlinga i Bergen.

#### **Konklusjon**

Det er fleire innbyggjarar i Bergen enn i resten av kommunane i fylket til saman. Løysinga i Bergen når berre ein kommune, medan konsortiet organisert av fylkeskommunen, når 32 kommunar. Mange av desse er små og har lite ressursar til bibliotek. Dei har sjølv lite høve til å etablere utlånsløysingar for e-bøker og til å kjøpe inn og forvalte eigne samlingar. Interessa for å låne e-bøker er om lag like stor i og utanfor Bergen. Ei forfordeling av dei mindre og meir perifere kommunane vil etter mi vurdering vere rimeleg. Gjennom e-bøker får innbyggjarane i desse kommunane få betre tilgang til bibliotekressursar, som er lettare tilgjengeleg som papir-bøker i Bergen.

Etter mi vurdering bør det fordelast 2 e-boklisensar til Bergen Off. Bibliotek og 3 e-boklisensar til konsortiet for resten av folkebiblioteka i fylket.